

Møtereferat

Til: Regionalt brukarutval (RBU) i Helse Vest, vara-repr. RBU

Til stades: Claus Ingebrigtsen, Pål Berger, Kari Toftøy-Andersen, Grete Knudsen, Linn Bæra, Sven Hove, Grete Müller, Harald Lindvik, Oddveig Birkeland, Elisabet Salte

Forfall: -

Møteleiar: Linn Bæra, leiar

Møtedato: 14.01.2016

Klokkeslett: 10.00-15.00

Møtenr: 1/16

Møtestad: Helse Vest – Forus. Møterom Kjerag, 3. etg.

Arkivref: -

Saksnr	Emne	Ansvarleg
1/16	Inga kommentarar til referat frå fellesmøtet med brukarutvalet i Helse Fonna (lagd ved).	Linn Bæra
2/16	Godkjenning av innkalling, og melding av eventuelsaker. Innkalling godkjend. Tre saker til eventuelt.	Linn Bæra
3/16	Orientering om oppdragsdokument og føretaksprotokoll 2016 v/Herlof Nilssen. (presentasjon lagt ved). <u>Oppsummering:</u> Helse – og omsorgsminister Bent Høie heldt den 12. januar 2016 sin sjukehustale, og dei regionale helseføretaka fekk overlevert oppdragsdokumentet og føretaksprotokollen. 2016 og 2017 vil bli «magrare år» samanlikna med tidlegare år, og helsetenesta må omstille seg for å møte dei store utfordringane knytt til mellom anna befolkingssauke og bemanningssituasjon for å sikre innbyggjarane ei god og trygg helseteneste. Sørgje for anvaret ligg på RHF-et, og kan ikkje delegerast til underliggjande helseføretak. 2016 blir eit « <i>handlingens år</i> », der alle stortingsmeldingar, strategiar og planar frå 2014/2015 skal følgjast opp. (På	Herlof Nilssen

	<p>www.regjeringen.no kan du søke opp alle disse meldingane).</p> <p>Oppdragsdokument og protokoll frå føretaksmøtet er lagt ved. I oppdragsdokumentet er det definert tre hovudmål for 2016:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Redusere unødvendig venting og variasjon i kapasitetsutnyttinga 2. Prioritere psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling 3. Betre kvalitet og pasientsikkerhet <p>På Vestlandet går utviklinga i rett retning for mange av styringsmåla, og eit døme er at talet på korridorpatientar no er kraftig redusert.</p>	
4/16	<p>«Min pasientjournal – elektronisk tilgang til sykehusjournal via nett». (Presentasjonen blei sendt ut saman med møteinnkallinga).</p> <p>Kirkeluten presenterte status for prosjektet via Lync.</p> <p><u>Oppsummering:</u> Det er eit viktig steg i skape pasienten sin helseteneste at pasienten har tilgang på informasjon om seg sjølv. Lanseringsdato for elektronisk tilgang til eigen journal er den 22. mai 2016. Journalen er den same som er på sjukehuset med nokre unnatak, som til dømes røntgenbilete og lab-svar. Du logger deg inn på www.vestlandspasienten.no, og der blir du ruta vidare til www.helsenorge.no, som er den offentlege helseportalen for alle innbyggjararar i Noreg der informasjon om helse, helsetenester og rettar er samla. Erfaringar så langt frå Helse Nord, som lanserte elektronisk journal i desember 2015, syner at innbyggjarane der er svært nøgd med dette tilbodet.</p> <p>Elektronisk tilgang til eigen journal er eit viktig steg fram mot «én innbygger – én journal».</p> <p>Med innsynsrett i eigen journal vil pasientane i større grad kunne vere delaktig i behandlinga, og pasientane kan og følgje med på kven som har vore inne i journalen og lest. Pasienten kan også sperre for innsyn i eigen journal, men behandlarar vil framleis kunne lese han.</p>	Ole Jørgen Kirkeluten, prosjektleder HV IKT AS

5/16	<p>Helse2030 – informasjon om ny strategi i Helse Vest. Helse Vest har i dag ein strategi, Helse2020, som no blir erstatta av Helse2030, og dette er eit arbeid som skal gå føre seg gjennom heile 2016, og som skal bli behandla i styret i byrjinga på 2017.</p> <p><u>Innspel frå RBU i møtet:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Brukarane må med tidleg i fasen • Kvalitet, overleving i og oppleving av helsetenesta må vere i fokus, saman med tilgjengelegheit (fysisk, telefon, internett) • Brukarane er opptekne av «det gode møtet» og samspel med helsepersonell • Særleg dei eldre må løftast fram som eit satsingsområde • Teamarbeid og interdisiplinær tenking rundt eit holistisk pasientperspektiv er viktig • Recovery som behandlingsmodell må i langt større grad takast i bruk, også nyttast til andre pasientgrupper enn berre dei innan rusfeltet • I strategiarbeidet ønskjer RBU å vere med som eit rådgivande organ i alle fasar 	Dagfinn Hallseth, PwC
6/16	<p>Orientering om deltaking i prosjekt/arbeidsgrupper utsett til neste RBU-møte grunna liten tid</p>	
7/16	<p>Invitasjonar/orienteringar/brev til brukarutvalet</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Når det gjeld høyring om «Forebygging og oppfølging av alvorlige hendelser i helse- og omsorgstjenesten» kan RBU selv gå inn på Regjeringen.no og avleggje eit høyringssvar ved å klikke på denne lenka: https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/horing--forebygging-og-oppfolgning-av-alvorlige-hendelser-i-helse--og-omsorgstjenestene/id2460917/ 2. Førespurnad frå fagavdelinga i Helse Vest om brukarmedverknad i vidare samarbeid om medikamentfri behandling. Det har kome inn innspel frå alle brukarutvala i Helse Vest med forslag til representantar, og frå RBU vil Anbjørg Hellestræ delta, saman med ein representant frå kvart brukarutval i regionen. 3. Førespurnad frå Helse Vest v/fagdirektør om brukarutvalets innspel til nye tema innan rusforskning. <p>Brita Mauritsen Næss frå fagavdelinga i Helse</p>	

	<p>Vest informerte om forskning på rusfeltet, og at ingen av søknadane ved førre søknadsrunde fekk støtte.</p> <p><u>Innspel til tematikk frå RBU i møtet:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Det er behov for meir følgjeforskning, der ein særleg forskar på dei som kjem seg ut av rusmisbruket. Ein kan ikkje nytte dei same forskingsmodellane innan rus som innan til dømes kirurgi • Det er meir interessant for brukarane om det vert forska meir på kvifor nokon blir rusfrie, og held seg rusfrie, enn å forske på det som fører til sjukdom/rusmisbruk. Det er tilstrekkeleg med forskning på kva som fører til at nokon blir rusmisbrukarar • Meir forskning på «dobbeltdiagnosar» - dei er ofte ein utelatt gruppe grunna utvelgelseskriteria (dei med psykiske lidingar blir utelukka om dei i tillegg har rusproblematikk, og omvendt) • I sakkunnige utval, som vurderer forskingssøknadar innan rus, sit det representantar som ikkje har god nok kjennskap til samfunnsforskningsmetodikk. I desse utvala må også brukarrepresentantar vere med 	
8/16	<p>Regional revisjonsplan og gjennomgang av nye revisjonsprosjekt/internrevisjon. (Presentasjon lagt ved).</p> <p>RBU fekk ein gjennomgang av dei prosjekta som allereie ligg i planen for internrevisjon, som til dømes om tilskuddsordningar i regionale og lokale helseføretak, oppfølging av regionale planar og korridorpatientar. RBU blei gitt anledning til å kome med innspel til nye tema til internrevisjon, og det kom følgjande forslag i møtet:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Samhandlingsreforma – spesielt sjå på korleis ein jobbar med kompetanseoverføring • BUP – kompetanseoverføring mellom helsetenenivåa • Sjå nærare på prosjekt som har fått offentleg støtte, men som har stoppa opp utan nokon forklaring. • Stamcellebehandling <p>Leiar for RBU tok opp at brukarmedverknad i Helse</p>	Bård Humberstet

	Vest kunne vore eit aktuelt tema, og vil sende inn eit innspel om dette til leiar for internrevisjon.	
9/16	<p>Eventuelt – 3 saker:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Linn Bæra har motteke ein førespurnad frå brukarutvalet i Helse Bergen om eit prosjekt der det er etterspurt brukarmedverknad. Linn har spurt om meir informasjon om dette, som blir presentert på neste RBU-møte. 2. Førespurnad frå brukarutvalet i Helse Sør-Øst på vegne av prosjektleiar for nasjonalt prosjekt om spesialistutdanning for legar. RBU fekk denne førespurnaden på epost innan møtet. <p>Ingen i RBU har meldt interesse for å sitte i denne styringsgruppa, og sekretær for RBU har meldt tilbake om dette innan fristen, som var 15. januar 2016.</p> <ol style="list-style-type: none"> 3. Flytte tid for fellessamling mellom alle brukarutvala i Helse Vest frå juni 2016 til august 2016. Det er mange festivalar i Bergen i juni, og det er ein utfordring med hotell. RBU støtter forslag om endring av tidspunkt. 	Linn Bæra

Neste RBU-møte er den 25.02.2016 hos Helse Vest på Forus. Dersom du har saker til RBU-møtet er det fint om du melder dei inn i tid før utsending av innkallinga, som sendast ut ei veke innan møtet.

Det er fint om du kan melde ifrå om forfall til RBU-møta i god tid (om du kan)! Vara-representantar har meldt frå om at dei har problem med å stille på kort varsel.